



# Setesdölen

Nr. 77 • Tysdag 29. september 2009 • 35. årgang • Laussal kr 10,- • [www.setesdolen.no](http://www.setesdolen.no)



*Søkjer også om eigen klasse for flyvedlikehald:*

## Luftfartshøgskulen på Evje blir utvida til 110 studentar?


I tillegg til å utdanne trafikkflygarar og flygeleiarar, kan den planlagde luftfartshøgskulen på Evje og Gullknapp i Froland få ein eigen klasse for å utdanne folk til flyvedlikehald. I så fall vil det alt i alt bli tatt inn 110 studentar ved den nye utdanningsinstitusjonen på Evjemoen kvart år.

Prosjektleiar Sigurd Auestad seier til Setesdöl-

en at planen er å ta imot dei første studentane hausten 2010 viss den statlege finansieringsordninga går i orden før årsskiftet.

-Prosjektleiinga skal saman med Avinor ha fellesmøte med Samferdsels- og Kunnskapsdepartementet om dette så snart den nye regjeringskabalen er lagt, seier Auestad.

Side 13



Prosjektleiar Sigurd Auestad trur luftfartshøgskulen på Evje og i Froland kan kome i gang med dei første studentane om eit år. No blir det også vurdert å utvide tilbodet.

**Den nye luftfartshøgskulen for Evjemoen og Gullknapp:**

# 110 studentar på Evje neste år?

**Høgskuleutdanninga innan luftfartsfag på Evjemoen og i Froland kan bli utvida til også å omfatte opplæring i vedlikehald på fly, i tillegg til flygar- og flygeleiarutdanning.**

Av Sigurd Haugsgjerd

Prosjektleiar Sigurd Auestad seier til Setesdølen at sviktande rekruttering til vedlikehaldsfunksjonane har gjort at spørsmålet om også å få lagt denne utdanninga til Evjemoen og Froland, no er teken opp av miljøet innanfor luftfartsfag. Viss dette også går i orden, vil det frå hausten 2010 kunne bli tatt opp inntil 110 studentar ved skulestart på Evjemoen.

-Det er klart at det er mykje som skal klaffe for å få det til, og det vil setje store krav til Evjemoen med tanke på innlosjering, men mykje av dette er alt på plass, seier Auestad.

## Mykje er alt godkjent

Etter at prosjektet for å få etablert luftfartshøgskule i samarbeid mellom Evjemoen og Gullknapp i Froland, vart sett i gang for 4 år sidan, har initiativtakarane fått godkjent bachelorgradsstudium i luftfartsfag innanfor studieretninga trafikkflygar. Dessutan er den akademiske delen av flygeleiarutdanninga godkjend av det offentlege godkjenningsorganet NOKUT. Det er venta at den faglege godkjenninga vil kome i desse dagar.

I tillegg er det altså meininga å söke om å få opprette ei eiga klasse for flyvedlikehald.

I mellomtida blir det arbeidt med å få godkjent heile tilbodet på Evjemoen og Gullknapp for vanleg studiepoengfinansiering, slik andre høgskular her i landet blir finansierte.



Prosjektleiar Sigurd Auestad (innfelt) meiner at det kan vere realistisk å ta imot dei første studentane til flygar- og flygeleiarutdanning på Evjemoen om eit år. Kanskje det då også kan bli aktuelt å gje utdanning til ei klasse for flyvedlikehald.

## Møte

### med departementa

-Me har bede om eit fellesmøte om finansieringa med både Samferdsels- og Kunnskapsdepartementet der også Avinor blir med. Mykje tyder på at me kan få dette møtet så snart den nye regjeringskabalen er lagt, seier prosjektleiar Sigurd Auestad.

Han meiner dette må vere på plass før årsskiftet om det skal vere råd å få i gang utdanningstilbodet frå hausten 2010. Viss ikkje, vil det sannsynlegvis gå ytterlegare eit år før dei fyrste studentane kan innta Evjemoen.

### Avgjerande fase

Prosjektleiar Sigurd Auestad understrekar at prosjektet no er inne i ein svært avgjerande fase, men at

Aust-Agder fylkeskommune, både administrativt og politisk, har framstått som ein solid støttespelar. I sjølv aksjeselskapet som står bak prosjektet, har Evje og Hornnes kommune og Froland kommune delt eigarskapet. Også kompetansefondet i Aust-Agder, regionfondet for Arendal, Grimstad og Froland og Evje Utvikling AS har støtta prosjektet.

Den nye høgskulen skal etter planen kunne gje plass til 36 studentar innanfor studieretning for flygeleiing, 32 trafikkflygarar og 30 vedlikehaldsfolk. Om det blir skulestart på Evjemoen hausten 2010, vil det likevel ikkje kome i gang praktisk tilbod på Gullknapp før årset etter.

### Utdanning i utlandet

For Evje og Hornnes kommune vil etableringa innebere minst 9 årsverk fyrste studieåret, stigande til 17 årsverk i åra deretter. Dette er då sysselsetting utanom det som innlosjering og forpleining vil krevje av mannskap.

I dag finst det ikkje slik flygarutdanning her til lands. Noreg kjøper difor flygarutdanning i utlandet for rundt 175 mill. kroner i året. Ved å få etablert utdanninga som den nye høgskulen på Evjemoen og Gullknapp legg opp til, i tillegg til det som Universitetet i Tromsø står for, vil det vere råd å spare rundt 80 mill. kroner i året.

I går kveld vart det halde folkemøte i Froland om utdanningsplanane. Der vart det m.a. drøfta omfanget av støyplager i tilknytning til skuleflyginga.